



Saksbehandlar: Atle Skrede, Nærings- og kulturavdelinga  
Sak nr.: 17/7784-10

## **Søknad om fylkeskommunal støtte til idrettsanlegg**

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for næring og kultur til å gje slik tilråding:**

**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

Det vert ikkje løyvd fylkeskommunale tilskot til realiseringa av fotballhall i Florø, skyteanlegg i Fjaler, Arena Stryn, turnhall i Vågsøy og klatrevegg i Sogndal.

### **Vedlegg:**

1. Søknad om fylkeskommunal støtte til fullskala fotballhall i Flora kommune
2. Søknad om fylkeskommunal støtte skyteanlegg i Fjaler – hallen i Fjaler kommune
3. Søknad om fylkeskommunal støtte til Arena Stryn i Stryn kommune
4. Søknad om fylkeskommunal støtte til turnhall i Vågsøy
5. Søknad om fylkeskommunal støtte til klatrevegg i Sogndal

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Samandrag**

Fylkeskommunen fekk fleire søknader om økonomisk støtte til idrettsanlegg i 2017. FT bad då om at det vart lagt fram ei eiga sak om vurdering av desse søknadane, jf. vedtak i FT-sak 27/17

Fylkeskommunen har ikkje sett av eigne midlar til føremålet, og fylkesrådmannen viser til at fylkeskommunen sine verkemiddel i denne typen saker er fagleg rådgjeving og spelemidlar.

Framlegg til økonomiplan 2019-22, inneheld ein ambisiøs investeringsplan med mange vedtekne prosjekt (bygg/veg). Det er usikkert kor mykje press dei framtidige investeringane vil ha på dei årlege driftsbudsjetta. For å kunne møte ev. økonomisk utfordringar i høve fylkeskommunale investeringar, er tilrådd strategi å avsette alle disponibele midlar til dette. Det vil då ikkje vere rom for å prioritere «gode tiltak» der ein søker om fylkeskommunale driftsmidlar (tilskot). Vi risikerer dessutan ikkje å ha disponibele driftsmidlar som kan nyttast til slike tilskot.

Fylkesrådmannen meiner også at dersom det skal prioriterast midlar til fylkeskommunalt tilskot til idrettsanlegg og anleggsutvikling, bør det utformast retningslinjer for dette og informerast om tilskotsordninga slik at alle idrettslag/organisasjonar får høve til å søkje.

Fylkesrådmannen rår ikkje til å løyve midlar til dei omsøkte tiltaka.

## **2. Bakgrunn for saka**

Fylkeskommunen mottok i 2017 fleire søknader om fylkeskommunalt tilskot til idrettsanlegg. I tillegg er det no (2018) komme inn ein søknad. Søknadane er:

Søkjær	Kommune	Anleggstype	Søknad om fylkeskommunalt tilskot
Stryn Turn & Idrettslag	Stryn	Arena Stryn, ulike hallanlegg	8 mill. kr
Flora kommune	Flora	Fotballhall Flora	30 mill. kr.
Fjaler kommune	Fjaler	Fjaler-hallen, skytebane	2,7 mill. kr.
Skavøypoll idrettslag	Vågsøy	Turnhall	1,5 mill. kr.
Sogndal Fotball	Sogndal	Sognahallen, 3 klatreanlegg	0,5 mill. kr.

Søknaden frå Sogndal fotball om tilskot til klatrevegg i Sognahallen kom så tidleg at den vart lagt fram som del av budsjettsaka til hovudutval for næring og kultur i september 2017. Søknaden vart ikkje prioritert for tilskot av hovudutvalet. Grunngjevinga var at det ikkje var sett av midlar til denne typen tiltak på hovudutvalet sitt budsjett. I søknaden var det også argumentert om tilbod til vidaregåande opplæring. Skulen ga uttrykk for at dei har tilgang til dei lokale dei treng, og såg ikkje behov for investering for sin del. Søknaden vart ikkje løfta inn i drøftingane seinare i budsjett-debatten. Det var på denne bakgrunn sendt avslagsbrev til søker i januar 2018. Fylkesrådmannen ser difor denne søknaden som ferdig handsama, men tek han med no for heilskapen sin del.

Dei tre andre søknadane som vert vurdert i denne saka, kom inn etter at hovudutvalet hadde levert sitt forslag i budsjettprosessen. Det vart då i FT-sak 59/17 Budsjett 2018 m.a. gjort følgjande vedtak:

*Fylkestinget syner til FT vedtak 27/17 der Fylkestinget uttrykte at ein er positiv til realisering av innandørs fotballhall i Florø. Fylkestinget ber om at søknaden frå Flora kommune om økonomisk støtte til hallen vert vurdert saman med andre søknader, blant anna søknadene frå Fjaler og Stryn, opp mot regionale planar og økonomiske føresetnader, og vert handsama via fagutvala før Fylkestinget tek stilling til den i samband med ei heilskapleg sak om tilskot til idrettsanlegg i løpet av våren 2018.*

I månadsskifte april/mai vart fylkeskommunen kontakta av Skavøypoll idrettslag med spørsmål om å kunne søkje om fylkeskommunalt tilskot til realisering av ein turnhall i Måløy. Søknaden er registrert innkommen 11.05.2018, og er del av saka.

## **3. Omtale av søknadane**

Fylkesrådmannen presenterer under dette punktet den enkelte søknad, og vurderer desse opp mot Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv og spelemidlar. Det vert så gitt ei samla vurdering i pkt. 3 i høve fylkeskommunalt tilskot.

### **3.1 Arena Stryn**

Stryn Turn og idrettslag søker om 8 mill. kr i fylkeskommunal støtte til konseptet Arena Stryn. Anlegget er lagt i tilknyting til utandørsanlegga ved Stryn stadion med både fotball og friidrettsanlegg. Siste åra er det lagt nytt kunstgrasdekke på naturgrasbane og det opphavelige kunstgraset er skifta. Fotballen i Stryn har såleis fått gode rammevilkår. Prosjektet er redusert til 8,0 mill. kr mot tidlegare 8,7 mill. kr.

Særleg for turnsporten er tilhøva utfordrande både av omsyn til tryggleik og mykje tid som går med til rigging som slit på både trenrarar og foreldre. Det er lange tradisjonar for turnsporten i Stryn. Det vert i dag nytta ein liten gymsal for om lag 200 turnrarar og fleire på ventelister på grunn av manglande kapasitet. Turn er etterkvar blitt ei av dei største særgruppene i idrettslaget.

Det er ingen fullskala turnhallar i fylket der utstyret står klart til bruk og ein unngår å bruke unødig tid på rigging. Slike anlegg er planlagt i Vågsøy og Førde. I Stryn er det basishall for turn, flerbrukshall med kombi-dekke, kunstgrasdekke og standard-dekke for handball og volleyball, løpebane og klubbhus som er prioritert bygd i første byggesteg. Det meste av finansieringa er på plass, grunneigaravtalar og bygningsmessige vurderinger og kostnadar er på vel 50 mill. kr.

Planane er vurdert av Kulturdepartementet og søknaden om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning er godkjend. Frå Arena Stryn til Strynehallen, som er under oppgradering og til Stryn vidaregåande skule og Stryn sentrum er det gangavstand. Slik vi forstår konseptet vil anlegget

vere ein sosial møteplass på tvers av generasjonar, styrke folkehelsa og legge til rette for betre arbeidsvilkår for trenarar - særleg i turnsporten.

## **Søknaden i høve regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv/spelemidlar**

Planane for Arena Stryn har vore kjende for fylkeskommunen i lang tid og vart spelt inn allereie i 2013. Stryn Turn og idrettslag orienterte på politikardag 18.04.2017 om Arena Stryn. I Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2014–2017 var dette anlegget lagt til langtidsprogrammet, for vurdering av tildeling etter 2017. Dei delane av Arena Stryn der tildeling av spele-midlar skal styrast etter regional plan er basishall for turn med hoppegrøper, innandørs løpebane, liten treningshall for fotball 40 x 60 m. speleflate, klatrevegg, fleirbrukshall og styrketreningsrom.

Ved rullering av handlingsprogrammet for regional plan hausten 2015, vart basishall og hoppegrøper prioritert for tildeling i 2019. Utifra tilbakemeldingane frå Stryn kommune og Stryn Turn & IL var basishall for turn det viktigaste å prioritere for tildeling av midlar. For søknadsåret 2018 er det ikkje fremja søknader om spelemidlar til nokon av anlegga i Arena Stryn. Totalt utgjer spelemidlane i dette konseptet om lag 16-17 mill. kr.

### **3.2 Fotballhall Flora**

I 2016 rykka Flora Fotball opp til spel i OBOS ligaen (1.divisjon). Dette stiller nye krav til profesjonalitet, auka treningsmengde og stabile føreseielege treningsforhold. Mykje av treningane føregår i dag ute på ei kunstgrasbane der kapasiteten er knapp. I tillegg kjem innadørshallen for sjuar-fotball (Florø idrettssenter).

I nærleiken av idrettsanlegga i Flora kommune, som er samla rundt «Lisjevatnet», har det vore skytebane i over 100 år. Denne vart i 2016 flytta ut frå sentrum. Med dette som utgangspunkt, ynskjer Flora kommune no å etablere fotballhall på området. Totalkostnad for konseptet med 2 sett garderober, fullskala fotballhall og lager for idrettsmateriell er på 124 mill. kr. Finansieringa er tenkt med spelemidlar på 10 mill. kr., støtte frå Flora kommune og Vågsøy kommune på xx mill kr kvar, økonomiske bidrag frå idretten og lokalt næringsliv og fylkeskommunal støtte på 30 mill. kr.

Som saksopplysning kan nemnast at Flora idrettssenter AS vart etablert på starten av 2000-talet med eigarstruktur fordelt mellom idrettslaga i Flora kommune. Det vart også den gong søkt om fylkeskommunal støtte, og fylkeskommunen løyvde då 15 millionar kroner i investeringstilskot, tilsvarende Flora kommune si støtte. I anlegget er det etablert m.a. ein fotball hall på 40 x 60 meter (sjuar-fotball). I same konseptet er det fleirbrukshall for ballidrettar, sosiale rom, møterom og kjøkken, garderober, styrketreningsrom, løpebane på 100 meter, lengdegrop og klatreanlegg. Det er no forhandlingar mellom eigar og fylkeskommunen om fylkeskommunalt kjøp av anlegget.

## **Søknaden i høve regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv/spelemidlar:**

Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016–2019, legg opp til følgjande:

«Det er rom for storhallar til fotball 64 x 100 meter i Sogn og Fjordane, inkludert kaldhallar. Det kan derfor etablerast to nye slike anlegg ... Etablering av nye hallar bør skje sentrumsnært der folk bur og gjerne tilknytt ein skule.»

Etablering av planlagt fotballhall i Flora kommune er i tråd med føringane i regional plan. Ved rullering av regional plan sitt handlingsprogram for anlegg hausten 2017, vart fullskala fotballhall 64 x 100 meter speleflate spelt inn av Flora kommune, er plassert i langtidsprogrammet og vert vurdert for tildeling av spelemidlar etter 2020. Det er enno ikkje fremja spelemiddelsøknad.

Fotballhallen i Flora er planlagt med to sett garderober og lager og utløyser 10 mill. kr i spelemidlar etter gjeldande satsar utifra 1/3 del av godkjende kostnader.

Som det går fram av søknaden og som fylkesrådmannen kjenner til, vert det arbeidd med ein interkommunal avtale mellom Vågsøy og Flora kommunar når desse vert slått saman til Kinn kommune (2020). Det kan vere ressurs- og bruksmessig gunstig at fleire kommunar går saman om å bygge og drifta idrettsanlegg det elles ville vere vanskeleg å realisere i ein kommune.

Særskilt tilskot til interkommunale anlegg, kostnadskrevjande anlegg som t.d. idrettshallar eller symjehallar, kan tildelast eitt anlegg pr. kommune. Slike anlegg kan få eit tillegg på 30 % av ordinært tilskot frå spelemidlane. Dette vil kunne utgjere ytterlegare 3 mill. kr i spelemidlar.

For kommunar som har vedteke å slå seg saman, er det ein føresetnad at desse har løvd minst 5 % av totale investeringar, og bind seg til ein underskotsgaranti for drifta (20 år). Søknad om spelemidlar må vere fremja for søknadsåret 2019. Kulturdepartementet skal godkjenne status som interkommunalt anlegg. Det vert ikkje tildelt spelemidlar til seinare etableringar av fotballhallar i desse kommunane. Flora kommune har pr. mai 2018 ikkje søkt slik godkjenning.



### **3.3 Fjaler-hallen, skytebane**

I samband med samlokalisering av elevane i Dale sentrum ved bygging av ny 1-10 skule på Dingemoen i Fjaler, er det naturleg å sjå anlegga i og rundt området i ein heilskap. Dingemoen idrettspark består i dag av idrettshall med treningscenter og lager, fotballbane kunstgras, friidrettsanlegg med grus, kastfelt på naturgras og lengdedrop og motorsport-anlegg. Alle desse einingane ligg like ved Dale vidaregåande skule og er i gangavstand til nye Dingemoen skule. Det er også vurdert ein heilskapleg utomhusplan der delar av naturgraset vert gjort om til aktivitetsanlegg. Planane er presentert i møte med Kulturdepartementet, som ledd i at departementet har lansert tilskotsordninga «nyskapande aktivitetsarenaer for eigenorganisert aktivitet».

Søknadsfristen for ordninga er sett til 1.09.18 og Fjaler kommune søker denne tilskotsordninga.

### **Søknaden i høve regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv/spelemidlar:**

Anlegg der tildeling vert styrt av regional plan er m.a. fleirbruks hallar inkl. spesialhallar og aktivitetsskapande delelement. Ved rullering av regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016–2019 sitt handlingsprogram for anlegg hausten 2017, spelte Fjaler kommune inn skytebane i Fjalerhallen. Dette anlegget er plassert i langtidsprogrammet vurdert for tildeling etter 2020. Det er ikkje fremja søknad om spelemidlar i 2018. Førebels kostnadskalkyle er 9,5 mill. kr. Maksimal godkjend søknadssum for innandørs skytebane med 10 baner er ein tredjedel av godkjend kostnad inntil 1,5 mill. kr. Det er i tillegg planlagt aktivitetssal i tilknyting til skyteanlegget som kan nyttast til dans, sirkeltrening, kampsport m.m. I tillegg er det planlagt både lager og sosialt rom som avlastningslokale ved idrettsarrangement. Denne delen av anlegget er ikkje del av søknaden om fylkeskommunalt tilskot. Spelemidlane utgjer 1/3 del av kostnadene, og det kan søkjast om inntil 1,7 mill. kr. Tildeling til denne delen av anlegget vert styrt av kommunal plan.

### **3.4 Skavøypoll idrettslag, turnhall**

Skavøypoll IL i Vågsøy kommune er eit idrettslag der turn er ei av dei største gruppene med opp under 200 turnarar. Fleirbruks hallen i Nordfjordhallen vert nytta til trening og konkurranse. Det er ingen turnhallar i Sogn og Fjordane. Ein slik hall vil kunne nyttast av både andre idrettar i Vågsøy til basistrening og av turnsporten i heile fylket til treningssamlingar og konkurransar. Planlagd turnhall på 23 x 44 meter er tenkt etablert i tilknyting til Nordfjordhallen og inneholder nedfelt hoppeprop, sosialt rom, lager, styrketreningsrom og aktivitetssal og er kostnadsrekna til 18,1 mill. kr inkl. mva.

### **Søknaden i høve regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv/spelemidlar:**

Det er pr. 2018 ikkje søkt spelemidlar til anlegget og tildeling til anlegget vert styrt etter regional plan der første tildeling skjer i 2019. Turnhallen kan få 1/3 del av kostnadene i spelemidlar inntil maks. 8 mill. kr, men anlegget som heilskap kan få 1/3 del av kostnadene i spelemidlar inntil 2,7 mill. kr i tillegg for anleggseiningerne sosialt rom, lager, styrketreningsrom og aktivitetssal.

### **3.5 Sogna-hallen, klatreanlegg**

I Sogna-hallen i Sogndal er i dag ein av Norges fremste klatreanlegg. Sognahallen Drift AS ønskjer å utvide til fleire anlegg (m.a. konkurranseanlegg for klatring, ny klatrevegg for å rekruttere fleire barn, unge og vaksne til klatresporten og ein eigen buldrehall). Det vart i 2017 fremja eigen søknad om fylkeskommunal støtte på 500 000 kroner. Denne vart ikkje innvilga, jf pkt. 2 over.

### **Søknaden i høve regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv/spelemidlar:**

Anlegga vart spelt inn til regional plan ved rullering av handlingsprogrammet hausten 2017 og er alle plasserte i langtidsprogrammet og vert vurdert for tildeling etter 2020 i regional plan. Total tildeling av spelemidlar vert vurdert utifrå 1/3 del av totalkostnaden inntil maksimalt 2,9 mill. kr. Denne søknaden er ikkje vurdert på nyt no.

## **4. Vurderingar og konsekvensar**

Fylkeskommunen har ikkje eigen budsjettpost for fylkeskommunalt tilskot til idrettsanlegg og anleggsutvikling. Fylkeskommunen sine verkemiddel i slike saker er fagleg rettleiing og spelemidlar. Godt arbeid i frivillig sektor, kommunane og fylkeskommunen, saman med endring i spelemiddelnøkkelen, har gjort at vi har fått stor auke i tildeling av spelmanidlar dei seinare åra.

### **Rutinar for finansiell medverknad:**

Når det gjeld søknadar om finansiell medverknad vil fylkesrådmannen vise til gjeldande rutinar som er omtala i pkt. 1.5 i budsjett 2018/økonomiplan 2018-2021. Desse er:

«Fylkeskommunane er som regional utviklingsaktør avhengig av eit aktivt samspele med aktørar på ulike arenaer. Som ein del av dette samspelet får fylkeskommunen ei rekke innspel i løpet av året med søknad om finansiell medverknad til ulike prosjekt.

*Følgjande rutine er etablert i høve eksterne søknader/innspele om finansiell medverknad til ulike prosjekt:*

- *Søknaden/innspelet skal så raskt som mogeleg og løpende gjevast ei fagleg vurdering i høve dei overordna strategiane for den aktuelle sektoren.*
- *Om søknaden/innspelet har tverrsektoriell tilnærming, avgjer fylkesrådmannen kva fagmiljø som skal inn i vurderinga av søknaden.*
- *Aktuelt/aktuelle hovudutval skal så raskt som mogeleg avgjere den vidare lagnaden til søknaden (om den skal kanaliserast inn mot eksisterande søknadsordningar/ budsjettprosess/eller eventuelt gjevast avslag)*
- *Søknader/innspel som vert vist til budsjettprosessen skal prioriterast opp mot eksisterande verksemrd og aktivitet innafor sektoren sine rammer, eventuelt opp mot tiltak på tilhøyrande marginallister, i hovudutvala sine tilrådingar til finansutvalet.*
- *Søknader/innspel som vert vist til vurdering i budsjettprosessen, men som kjem til handsaming etter hovudutvala sitt prioriteringsmøte i august/september, skal som hovudregel visast til neste års budsjettprosess.*
- *Lagnaden til søknaden/innspelet skal meddelast avsendar snarast råd.»*

#### Økonomiske vurderinger:

Etter endringar i inntektssystemet (2015) har fylkeskommunen gjennomført omfattande innsparingar på alle sektorar. Det har vore svært krevjande å finne tiltak som i minst mogleg grad har hatt konsekvensar for tenestetilbodet. I samband med dette har det heller ikkje vore økonomisk handlingsrom til å prioritere ei årleg løyving til tilskot til idrettsanlegg og anleggsutvikling.

Framlegg til økonomiplan 2019-2022 (som går parallelt med denne saka) samt budsjett 2018 legg opp til ambisiøse investeringar. Dette gjeld både bygg- og veginvesteringar. Mange av prosjekta er i ein tidleg fase og så langt er kostnadsoversлага svært usikre. Dette gjer at det er usikkerheit knytt til kor mykje press dei framtidige investeringane vil ha på dei årlege driftsbudsjetta. For å kunne møte ev. økonomisk utfordringar i høve fylkeskommunale investeringar, er tilrådd strategi å avsette alle disponibele midlar til dette. Som ein konsekvens er det ikkje rom for å prioritere «gode tiltak» av den type som ligg i denne saka (tilskot).

Dersom det skal prioriterast midlar til fylkeskommunale tilskot til idrettsanlegg og anleggsutvikling bør det dessutan utformast retningsliner for dette. Vidare bør det informerast om tilskotsordninga på ein slik måte at alle aktuelle idrettslag/organisasjonar får høve til å søkje.

#### Søknadane – behov:

Mange anlegg vert planlagt ut frå ein type sambruk, med ulike eigarstrukturar og driftsopplegg. Fylkesrådmannen har lagt vekt på ei tverrsektoriell vurdering av prosjekta opp mot dei behov fylkeskommunen har, og dei investeringsprosjekta det vert arbeidd med i fylkeskommunen. Ut frå det perspektivet kan ikkje fylkesrådmannen sjå at fylkeskommunen har behov innan sitt ansvarsområde som nokon av dei aktuelle prosjekta løysar. Både i Stryn, Flora, Dale, Sogndal og Vågsøy er dei fylkeskommunale behova knytt til vidaregåande opplæring løyst gjennom dei anlegga som er etablerte. Dei omsøkte anlegga vil såleis løyse lokale behov/frivillig sektor sine behov.

## **5. Konklusjon**

Fylkesrådmannen viser til drøftingane i saka og rår frå å løyve fylkeskommunale tilskot til dei aktuelle anlegga.